
Saksnr: 2021/4006-18
Saksbehandlar: Jomar Ragnhildstveit
Anders Søiland

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring		06.10.2021
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		12.10.2021
Fylkesutvalet		19.10.2021

Høyringsuttale - Forskrift om jakt- og fangsttider 2022-2028

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune støttar dei føreslegne endringane i forskrifta, med unntak av innskrenka jakttid på kråke.
2. Vestland fylkeskommune viser til at Miljødirektoratet har gitt høve til å kome med innspel på heile forskrifta, og føreslår utvida jakttid på hjort, avgrensa til innmark, i periodane 20.08.-31.08. og 01.01.-31.01. Den utvida jakttida vert grunngitt med behov for betre høve til å ta ut hjort som gir beiteskade. Avgrensinga av den utvida jakta til innmark er av omsyn til andre naturbruksinteresser og ro for dyra.
3. Vestland fylkeskommune føreslår at jakttida på hjort vert sendt på ny høyring i Vestland fylke med to alternativ, enten uendra jakttid på hjort i fylket eller utvida jakttid som føreslått i vedtaket pkt 2.

Samandrag

Fylkeskommunen kan gje høyringsuttale, og skal samanstillе innspela frå kommunane i fylket. Fylkeskommunen har hovudansvaret på regionalt nivå for forvaltninga av haustbare viltartar. Fylkeskommunen har hatt møte med kommunane, for mogeleg samordning om innspel, der særleg jakttida på hjort var tema. Vestland er det klart største hjortefylket i landet, med meir hjort enn nokon gong. Det fører til fleire utfordringar, som auka beiteskade på innmark og i skog. For tida er det også tiltak for å prøve å hindre spreieing av skrantesjuka til hjort m.m. Gjeldande, ordinær jakttid på hjort i landet er 01.09.-23.12. Det vert føreslått å utvide jakttida på hjort i fylket til 20.08.-23.12. og 01.01.-31.01, med avgrensing til innmarksjakt i dei utvida periodane i august og januar. Høyringsforslaga vert elles støtta, med unntak av innskrenka jakttid på kråke.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Samanstilling av høyringsinnspel frå kommunar i fylket

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Miljødirektoratet har sendt på høyring forslag til forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongane frå og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028. Gjeldande jakt- og fangsttider gjeld fram til april 2022.

I høyringsbrevet er kommunane gitt frist 1. juli for innspel til fylkeskommunen for samanstilling av innspela. Fylkeskommunen kunne utvide fristen og utvida den til 10. september. Fylkeskommunen har frist 15. oktober for å laste samanstillinga av kommunane sine innspel og ev. eige innspel opp på Miljødirektoratet si høyringsside.

Miljødirektoratet har i e-post datert 11. juni til rådgjevarar i viltforvaltning i fylkeskommunane, understreka at det er mogeleg å kome med innspel på heile forskrifta. For innspel til endringar i jakttid som det ikkje er høyrte på, vil det dersom direktoratet ser særskilt behov, bli ei eiga høyring før eventuelle endringar kan fastsetjast.

Førehandsinnspel

Fylkeskommunane, Statsforvaltarane og relevante sentrale organisasjonar fekk kome med førehandsinnspel under arbeidet med forskrifta, med frist på vel ein månad. Der føreslo Vestland fylkeskommune, ved rådgjevar i viltforvaltning, utvida jakttid på hjort, dette etter først å be kommunane ved rådgjevarar i viltforvaltning om innspel. Det kom førehandsinnspel frå 6-7 kommunar, som alle gjekk inn for utvida jakttid på hjort. I førehandsinnspelet føreslo fylkeskommunen også tidlegare jaktstart på elg, frå 01.09., mot noverande 25.09., dette ut frå lokale behov og sidan det likevel er hjortejakt i den tida. Det har seinare vist seg at også Norges Bondelag sendte førehandsinnspel om behov for utvida jakttid på hjort, nærare bestemt 15.08.-23.12. og 01.01.-31.01.

Høyringsforslaga

Høyringsnotat og følgjande underlagsdokument kan lastast ned frå direktoratet si høyringsside: <https://www.miljodirektoratet.no/hoeringer/2021/mai-2021/forslag-til-forskrift-om-jakt-og-fangsttider-2022-2028/>

- Høyringsnotat ([pdf](#))
- NINA-rapport 1917 - Statusoversikt for jaktbart småvilt ([pdf](#))
- Holdninger til jakt og fangsttider - rapport fra spørreundersøkelse ([pdf](#))

Oversikt over høyringsforslaga med verknad for Vestland

Storskarv: Jakt i ferskvasslokalitetar, blant anna i Hordaland, er føreslått utvida til heile Vestland, som følgje av fylkessamanslåing.

Grågås: Gåsebestanden er i sterk vekst. Statsforvaltaren får utvida myndigheit til å starte jakta tidlegare, frå 15 til 20 dagar før ordinær jaktstart. (Statsforvaltaren har forvaltningsansvaret for grågås på regionalt nivå).

Heilo: Jaktida (21.08.-31.10.) er føreslått oppheva i heile landet, grunna bestandsnedgang.

Gråtrast og raudvengetrast: Jaktida (10.08.-23.12.) er føreslått oppheva i heile landet, blant anna for å unngå ytterlegare langsiktig nedgang på felles trekkande bestandar.

Kråke og ramn: Jaktida, høvesvis 15.07.-31.03. og 10.08.-28.02/29.02., er føreslått harmonisert til 10.08.-28.02/29.02.), som også vil harmonisere med jaktida på skjor og nøtteskrike. Dette vil også gje mindre forstyring for kråke i hekketida.

Røysekatt: Jaktida er føreslått innskrenka frå 21.08.-15.03. til 01.11.-15.03., for å harmonisere med jaktida på mår.

Fasan: Jaktida på den framande arten er føreslått utvida frå 01.10.-15.10. til 21.08.-23.12.

Beverrotte: Jaktida på den framande arten er føreslått oppheva, då arten ikkje er observert.

Gråmåke, sildemåke og svartbak: Eggsanking er føreslått innskrenka frå tida til og med 01.06. til tida til og med 10.05. Bakgrunn for forslaget er blant anna langsiktig bestandsnedgang.

Spesielt om hjort og elg i høyringsnotatet

Direktoratet har ikkje føreslått endra jakttid på hjort og elg. Jakttida på hjort vart sist utvida ved revisjonen i 2012 og elg i 2017. Ei spørjeundersøking i samband med noverande revisjon, (sjå lenkje til rapport frå undersøkinga ovanfor), viser at det over tid er færre som reduserer sin bruk av utmarka når det er jakt på elg og hjort. Nesten alle friluftinteresserte (96 %) og jegerar (90 %) synest ikkje den utvida jaktperioden for elg har vore problematisk for seg eller for grupper dei kjenner til. Jakt på elg og hjort har likevel ein negativ påverknad på bruk av utmarka for ein del av dei friluftinteresserte, då 27 % av dei friluftinteresserte brukar utmarka litt mindre eller mykje mindre når det er jakt. Spørjeundersøkinga viste også at tilliten blant jegerar og friluftinteresserte til kommunen og fylkeskommunen sine avvegingar mellom jakt og bruk av utmarka elles har auka betydeleg frå 2002 til 2021.

Samanstilling og oppsummering av høyringsinnspel frå kommunane

Vestland fylkeskommune inviterte kommunale rådgjevarar i viltforvaltning til teams-møte 24. juni (kl. 13-14), for mogeleg koordinering av høyringsinnspel. På møtet deltok det 17 personar frå kommunane, som til saman dekkjer viltforvaltninga i 26 kommunar. På møtet var også Vestland Bondelag invitert og argumenterte for utvida jakttid på hjort i to periodar; 15.08.-23.12. og 01.01.-31.01., og utan noko avgrensing til innmark.

Samanstilling av kommunane sine høyringsinnspel, som direktoratet har bedt om, ligg som **Vedlegg** til saka. I alt har 11 kommunar gitt innspel. Av dess går 7 kommunar inn for utvida jakttid på hjort (Alver, Askøy, Bergen, Bømlo, Kvam, Ullensvang og Vaksdal), 2 kommunar (Gulen og Vik) har vurdert at det ikkje er behov for utvida jakttid på hjort og 2 kommunar (Fitjar og Stord) har ikkje vurdert jakttida på hjort. I tillegg har 5 kommunar midlertidig utvida jakttid på hjort mot villreinområde grunna faren for spreiding av CWD (Årdal, Lærdal, Aurland, Ulvik og Eidfjord), og 1 kommune til hadde innspel om utvida jakttid i samband med førehandsinnspel (Bremanger).

Fylkeskommunedirektøren sine vurderingar

Hjort

I høyringsforslaget er det ikkje føreslått endring i jakttida på hjort. Men direktoratet har som nemnt gitt høve til å kome med innspel på heile forskrifta, ikkje berre til dei føreslåtte endringane i jakttid. Det spørst likevel kor godt dette har vore kommunisert. Her vert det argumentert for å utvide jakttida på hjort i fylket med innmarksjakt i periodane 20.08.-31.08. og 01.01.-31.01.

Hjort er den desidert største jaktressursen i fylket. Nær halvparten av alle hjortar som vert felt i landet vert felt i Vestland fylke. For hjort er jakt og jakttid eit svært viktig forvaltingsverktøy, då dei aller fleste hjortane som dør (ca 90 %), vert felt under jakt. Jaktidsforskrifta set rammene for kvar og når det kan jaktast, mens kommunale mål, minsteareal og fellingskvotar m.m. set rammer for kvote og kjønns- og aldersfordeling i uttaket. Etter formålsparagrafen i Hjorteviltforskrifta, skal det leggjast til rette for ei lokal og berekraftig forvaltning av hjortevilt, og forvaltninga skal sikre bestandsstorleikar som fører til at hjortevilt ikkje forårsakar uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser. Generelt tildeler kommunane nok fellingsløyve for å redusere hjortebestanden, men mange stader vert det ikkje jakta nok for å redusere eller stabilisere bestanden. Det er grunneigar som har einerett til jakt, jf. viltlova, men ikkje plikt til jakt. Slik sett kan det i hjortevald vere mange grunneigarar/jaktrettshavarar som sjølv ikkje har særleg ulempe med mykje hjort, og som kanskje ønskjer å ha mykje hjort å jakte på.

Formålet med ei eventuell utvida jakttid på hjort ved denne revisjonen, er ikkje først og fremst å felle fleire hjortar, noko som bør kunne gjerast innanfor eksisterande jaktidsramme. Formålet er først og fremst å leggje betre til rette for uttak av dei «rette» dyra, særleg hjort som gir beiteskade med betydelege økonomiske tap for den aktive drivar. Det er særleg bønder og fruktdyrkarar på Vestlandet og skogeigarar som kan få betydelege kostnader med beiteskadar frå hjort. Det vert vurdert å vere for store beiteskadar frå hjort mange stader. Utvida jakttid på hjort vil leggje betre til rette for uttak av «skadedyr», særleg «bøtjuvar». Utvida jakttid på hjort i fylket er eit grep som kan bidra godt til å minske beiteskade, og elles til å ta ut små og svake dyr.

Jakttida på hjort vart sist utvida ved revisjonen av forskrifta i 2012, frå 10.09.-15.11. til 01.09.-23.12. Ifølgje høyringsnotatet den gong var det for å imøtekomme behovet for auka uttak av hjort at direktoratet føreslo utvida jakttid. I høyringsnotatet der vart det vist til at hjortebestanden hadde auka betydeleg frå 1990, og medført større forvaltningsmessige utfordringar, der direktoratet stadig

fekk førespurnader frå grunneigarar, kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn vedkomande auka hjortebestandar. I høyringsnotatet vart det vist til at det vart felt 39 100 hjortar i landet i jaktåret 2010/2011.

Ved noverande revisjon av forskrifta er det endå meir hjort. Det vart felt i overkant av 50 000 hjortar i landet i jaktseasonen 2020/2021, 28 prosent meir enn i 2010/2011. Nær halvparten av desse (24 223) vart altså felt i Vestland fylke. Dei strenge vintrane på Vestlandet i 2009/2010 og 2010/2011, saman med kommunale mål om auka uttak, førte til litt nedgang i bestandstettleiken etter 2010, men den har auka på att frå ca 2015.

I høyringsnotatet står det: «For elg og hjort ble jakttiden forlenget ved forrige revisjon, og forhåndsinnspillene tilsier at dette har fungert godt». Nei, for hjort vart jaktida sist forlenga ved revisjonen i 2012, og kven har i førehandsinnspel frå Vestland(et) meint at den utvida jaktida på hjort i 2012 fungerer godt nok? Sidan revisjonen av forskrifta i 2012 har det blitt auka erfaring med tette hjortebestandar og tilhøyrande beiteskadar. Vestland fylkeskommune og Norges Bondelag hadde førehandsinnspel om utvida jaktid på hjort. Ein kjenner til at NJFF neppe vil spele inn behov for utvida jaktid på hjort, men NJFF er heller ikkje problemeigar når det gjeld skade frå hjortebeiting. Det same gjeld friluftslivsinteresser.

I motsetning til elg, som er ein kvistbeitar, er hjorten også ein grasbeitar, og det er mykje gras og hjort på Vestlandet. Spesielt har hjorten tendens til å samle seg på dei beste grasareala, som gjerne er der det vert drive intensivt med grasproduksjon, typisk der det t.d. er mjølkebønder. Ordninga med å kunne søkje om skadefelling av hjort som t.d. beitar på fulldyrka eng på Vestlandet, er ikkje ei god nok løysing for beiteskadeproblematikken. Fleire stader har det etablert seg ulike ordningar med tidleg uttak av «skadedyrskvotar» som ikkje er i samsvar med regelverket. På Vestlandet kan det mange stader vere utfordringar med beiteskade frå hjort på innmark nærast heile året, t.d. i snøfrie kyststrøk om vinteren med vintergrønt gras. Sjølv utvida jaktid, som føreslått, vil berre kunne hjelpe litt på beiteskadeproblematikken, men vil likevel vere viktig nok. Ved jaktstart 20. august, vil kanskje mange kunne unngå å søkje om skadefelling tidlegare i månaden.

For å ta omsyn til andre interesser og forhold, kan det tenkjast ulike avgrensingar for utvida jaktid, t.d. føreslåtte avgrensing til innmark, og/eller avgrensing til ulike kjønns- og alderskategoriar. Slikt ser ein ulike variantar av i land som Sverige, Danmark og Tyskland, gjerne med regionale forskjellar avhengig av utfordringar. I Noreg kan det synast enkelt med berre éi jaktid på hjort i heile landet, med så ulike utfordringar som det t.d. er frå Vestlandet til Austlandet.

Ei problemstilling ved jaktstart på hjort før 1. september er den aukande faren for å skyte mordyr frå kalven dess tidlegare jakta startar. Denne problemstillinga er vurdert av Miljødirektoratet i høyringsnotatet før fastsetjinga av forskrift om utvida jaktid for hjort og elg i kommunar i og rundt Nordfjella villreinområde (2020-2022), der jaktida vart utvida til periodane 15.08.-23.12. og 01.01.-31.01. Når det i denne saka er føreslått jaktstart på hjort frå 20.08., er det særleg vurderingane i ovannemnde høyringsnotat frå Miljødirektoratet ein støttar seg til. I høyringsnotatet der er det vurdert at sannsynet er relativt lite for at jaktstart 15.08. vil føre til ein auka andel morlause kalvar.

Ullensvang kommune skriv i høyringsinnspillet sitt at i hjortejakta i 2020 kom hjorten først ned i låglandet i midten av desember, og difor at hjortejakt i januar, avgrensa til innmark vil vere viktig, samt at hjortejakt i januar også gir godt høve til å ta ut små og svake dyr på denne tida. Ullensvang kommune er blant kommunane i CWD (skrantesjuke) sona til Hardangervidda villreinområde.

Ei utvida hjortejakt i januar i utmark, kan føre til at hjorten vert ein del forstyrra og ikkje får den ro som den treng på denne tida. Denne problemstillinga vil derimot vere liten om jakta vert avgrensa til innmark. Jakt på innmark i januar vil heller ikkje vere særleg til ulempe for friluftaktivitet, sjølv om innmarka ein del stader då kan vere meir i bruk til skigåing og aking m.m..

Med føreslåtte avgrensing til innmark for utvida hjortejakt, er det meint innmark etter definisjonen av innmark i friluftslova § 1 a.

Skulle det vise seg at det er stader der det ikkje er ønskjeleg med utvida hjortejakt, er det allereie opning i forskrifta i dag for at fylkeskommunen på eige initiativ eller etter forslag frå kommunen, kan innskrenke jaktida av omsyn til friluftsliv m.m. Det er ingen som har bedt om innskrenka jaktid etter førre utviding av jaktida.

Ei utvida jakttid på hjort som føreslått, vil truleg føre til ein del praktiske problem med å rekke fristar i hjorteviltforskrifta, jamfør årshjulet, og at dette kanskje kan vere ein faktor som gjer at direktoratet helst vil unngå ytterlegare utviding av hjortejakta. Det er grunn til å tru at dersom direktoratet hadde høyrte på eit alternativ med jakttid som før, og eit alternativ med utvida jakttid, så ville ein sett betre kva kommunane meinte om det eine eller andre. Det kan vere interessant å utfordra direktoratet på dette, og føreslå ei ny høyring i Vestland fylke med desse to alternativa.

Kråke

Det vert føreslått å ikkje støtte høyringsforslaget om innskrenka jakttid på kråke. Ifølgje NINA-rapport 1917 (Statusoversikt for jaktbart småvilt), som er underlagsdokument i høyringa, har vi i dag «kunstig» store bestandar av kråkefuglar som eit resultat av betra næringsgrunnlag pga. menneskeskapte endringar. Ein stor bestand av kråkefugl vil føre til større predatorbelastning for artar som er i nedgang, og det er ifølgje rapporten all grunn til å tru at kråka er ein konkurrent for hubro på kysten. Argumentet i høyringsnotatet om å innskrenke jakttida på kråke for å forenkle og harmoniser jakttida på kråkefuglar, synest ikkje særleg tungtvegande.

Dei andre høyringsforslaga til endringar i forskrifta

Dei andre høyringsforslaga til endringar i jakttider og sanking av egg er i stor grad grunnlagt med bestandsnedgang og desse vert føreslått støtta med same grunngeving.

Vedtakskompetanse

Reglement for folkevalde organ og delegering: Reglement for fylkesutvalet punkt 7: Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med unntak av dei sakene kor hovudutvala kan gi høyringsuttale.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ei eventuelt utvida jakttid på hjort på innmark vil ikkje ha nemneverdig negativ konsekvens for ferdsel og friluftsliv.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Utvida jakttid på hjort vil helst vere positivt for berekraftig forvaltning av arten, fordi det gir betre høve til å ta ut dei «rette» dyra.

Konklusjon

Som høyringsuttale i saka vert det føreslått å støtte høyringsforslaga til endringar i jakttider, med unntak av innskrenkinga i jakttida på kråke som ikkje vert føreslått støtta.

Det er også gitt høve til andre innspel til forskrifta. Det vert då føreslått utvida jakttid på hjort i fylket, og at dette kjem på høyring for Vestland fylke som eit alternativ til jakttid på hjort som før.